



Utdanningsdirektoratet

Dato: 22.09.2016
Vår ref.: 2015/8565-18
Saksbehandlar: oddber3
Dykkar ref.:

Uttale i klagesak - søknad om godkjenning av Yrkesskolen for bygg og anlegg etter friskulelova

Viser til brev frå Utdanningsdirektoratet med dykkar referanse 2015/4581.

I klagens punkt 2 vert følgande uttrykt:

«I søknaden fremholdt vår klient at søkningen til VG1 Bygg- og Anleggsteknikk i Hordaland i 2015 for første gang på flere år økte med ca. 20 prosent i forhold til søkertallet året før, og at det med bakgrunn i utviklingen i oljerelatert industri måtte forventes en fortsatt vekst i søkertallet til bygg- og anlegg i 2016. Det viser seg nå at antallet søkere har økt fra 455 i 2015 til 533 i 2016, det vil si en ytterligere økning på 17 prosent. Antallet plasser på VG1 Bygg- og Anleggsteknikk i de videregående skolene i Hordaland i 2016 er 472, hvilket betyr at 61 elever ikke vil bli tildelt skoleplass til sitt primære søknadsvalg, og Hordaland Fylkeskommune sitt premiss de facto er feil»

I prognosen for inntaket til skuleåret 16/17 opererer vi med eit plasstal innan Vg1 BA på 472. Dette er basert på vår berekning av trong for plassar med utgangspunkt i elevtal føregående skuleår. Den fysiske kapasiteten i vår skulestruktur er derimot større og det er generelt ein overkapasitet både innan Yrkessfag og Studiespesialiserande. Denne problematikken arbeider HFK med i sin Skulestrukturplan som vert politisk handsama i Fylkestinget i oktober 2016. I framtidig struktur har Fylkesrådmannen planlagt med totalt 960 plassar innan Bygg- og anleggsfaga (BA). Likevel vil det vere rom for auke på BA innanfor dei fysiske rammene til skulane.

HFK opprettar tilbod etter prognosane for søkjartal. Dette justerast for alle utdanningsprogramma. Til inntaksperioden er plasstalet på Vg1 BA auka til 556. Denne auken er gjort ved utnytting av eksisterande kapasitet på skular som har BA tilbod. Auken inneber ingen bygningsmessige tilpassingar på skulane. Etter endeleg inntak og elevteljing var det 19 ledige plassar på Vg1 og 61 ledige plasser på Vg2 Bygg og anleggsteknikk.

HFK kan ikkje sjå at premissane for vår uttale er feil.

HFK satsar på Bygg- og anleggsfaga

I dag har HFK mange små tilbod og små fagmiljø. I arbeidet med Skulestrukturplan planlegg ein å samle fagmiljøa og auke breidda i programfaga på skulane.

Med tanke på BA representera nye Åsane vgs ei tydeleg satsing, der ein legg opp til eit nært samarbeid med opplæringskontora innan BA. Skulen er planlagt ferdigstilt i 2022. I vedteke programmering er det planlagt med fleire kontor som opplæringskontora disponere samt fleksibelt verkstadareal dedikert til opplæringskontora. Sjølve bygginga av skulen er vedteken gjennomført som eit Varde-prosjekt.

Held HFK fast på at etablering av skulen vil medføre at offentlege tilbod leggst ned?

Hordaland fylkeskommunen har allereie den kapasiteten som er naudsynt for å gi vidaregåande opplæring innan BA. Etablering av ein privat skule vil få negative konsekvensar for den offentlege skulestrukturen. HFK held fast på at ei slik etablering vil medføre nedlegging av offentlege tilbod.

Vidare er det slik at HFK har ansvar for formidling av læreplassar. Yrkesskolen for Bygg og Anlegg i Bergen AS vil tilby ein form for garanti til læreplass. Ein slik garanti vil kunne påverke elevanes søkjemønster og komplisere HFK si oppgåve med å formidle læreplassar ytterlegare ved at nokre elevar kan skaffe seg eit «fripass» til læreplass.

Stiller HFK seg annleis om skulen får godkjent eit lågare elevtal?

Dei grunnleggande forholda vil ikkje endre seg med eit lågare elevplasstal og heller ikkje HFK si innstilling til etableringa.

Svein Heggheim
Fylkesdirektør opplæring

Odd Bjarne Berdal
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.